



**Apostelen Pauli
Brev til Romarne.**

Utgjevet med Statskostnad av **Det norske Samlaget.**

Andre Upplaget.

Kristiania.
Trykt i Nikolai Olsens Boktrykkeri.
1889.

Elektronisk utgåve 2004, [Anders Aschim](#), [BlixBlog](#)

Ifølge Andragende fra det Norske Samlag^{*)} fattede Stortinget under 17de Juni 1881 følgende Beslutning:

"Til Prøveoversættelse af en Del af det Nye Testamente paa det Norske Folkesprog, f. Ex. Johannes Evangelium eller Romerbrevet, bevilges udbetalt Bestyrelsen for det Norske Samlag Kr. 1000 paa Betingelse, at Kirke-Departementet godkjenner Valget af de Mænd, der overtage Oversættelsesarbejdet, samt at Arbejdet, før det udgives, undergives en Bedømmelse, som nævnte Departement finder betryggende."

Angaaende denne Bevilgning udtaler Departementet for Kirke- og Undervisningsvæsenet i sin Indstilling af 8de Juli 1881 følgende:

"Heller ikke den under Post 3 b besluttede Bevilgning til Udgivelse af en Prøve paa Oversættelse af Afsnit af det Nye Testamente finder Departementet paa Forhaand at burde modsætte sig. Naar man sammenlikner det oprindelige Andragende og Komiteens Indstilling med Pastor Sverdrups af Stortinget vedtagne Forslag, og derhos ser hen til den Motivering, som gaves af Forslagsstilleren og Andre, som sluttede sig til ham, tør Departementet anse det som en Forudsætning for Beslutningen, at man for at sikre sig mod Misgreb har villet give Styrelsen en Stemme med ved Valget af Oversætter og endnu mere, naar Spørgsmaalet bliver om Prøvens Udgivelse. Det vil saaledes, saafremt nærværende underdanigste Indstilling tages til Følge, paaligge dette Departement at træffe den videre Forføining med Hensyn til de i Beslutningen opstillede Betingelser."

Ved kgl. Resol. 25de Juli 1881 befaledes Storthingsbeslutningen tilfølgtagen i Overensstemmelse med Kirke-Departementets Indstilling.

Efter at have modtaget Meddelelse herom henvendte Samlagsstyret sig til Professor Dr. *E. Blix* om at overtage Oversættelsen af Romerbrevet. Paa Betingelse af Bistand fra Sprogforskeren *Ivar Aasen* erklærede Professoren sig ogsaa villig til at gaa i Gang med Arbejdet, forsaavidt angaar det nævnte Brev.

Valget af Oversættere godkjendtes af Kirke-Departementet, og efterat disses Arbejde var fremlagt for Departementet, overdrog det D'Hrr. Professorerne *F. W. Bugge* og *C. R. Unger* at bedømme Arbejdet.

Dette er nu skeet, og der foreligger følgende Erklæringer fra de nævnte Mænd om Oversættelsen:

"Til
det kgl. Departement for Kirke- og Undervisningsvæsenet.

Fra det kgl. Departement har jeg faaet oversendt til Gjennemsyn den af det norske Samlag foranstaltede Prøveoversættelse af Paulus's Brev til Romerne paa det saakaldte Landsmaal.
<NY SIDE>

Efter at have gennemgaaet nævnte Arbejde har jeg herved den Ære at udtale, at Oversættelsen, til Grund for hvilken er lagt Textus receptus, er udført med Nøiagtighed og Dygtighed; at den paa en heldig Maade har forstaaet at tage Hensyn baade til den for vort Folk gennem den kirkelige Oversættelse tilvante Ordlyd og til Ønskeligheden af at gjengive den hellige Forfatters Tanker paa en med Grundtexten saavidt muligt stemmende Maade; at den paa de Steder, hvor den afviger fra vor kirkelige Oversættelse, utvivlsomt byder Forbedringer, og at den saaledes efter min Mening i det Hele meget vel kan offentliggjøres.

^{*)} Sthfrhdl. 1881, 5te Del Dok. No. 12, jfr. Indst. S. No. 130 i Sthfrhdl. s. A. 6te Del Side 440 og Sthtid. 1881 I Side 1188 flg.

For at forebygge mulige Misforstaaelser tror jeg at burde tilføie, at denne min Erklæring over Prøveoversættelsen slet ikke indeholder nogen Udtalelse fra min Side angaaende Nødvendigheden eller Ønskeligheden af overhovedet at foranstalte Oversættelser af den hellige Skrift paa det saakaldte Landsmaal, ligesom jeg selvfølgelig heller ikke kan have nogen Mening om den Sprogform, hvori den omhandlede Oversættelse er udført.

Kristiania den 7 Juni 1882.

F. W. Bugge."

"Til

Det kgl. Departement for Kirke- og Undervisningsvæsenet.

Efter Anmodning af det høie Departement har Undertegnede gennemlæst den paa norsk Folkesprog skrevne Oversættelse af "Pauli Brev til Romerne", og jeg finder, saavidt jeg kan skjønne, at den er holdt i en smuk og værdig Stil.

Kristiania den 31 Mai 1882.

Ærbødigst
C. R. Unger."

Efter Modtagelsen af disse Erklæringer har Kirke-Departementet tilskrevet Samlagsstyret saaledes:

"Fra

Den Kongelige Norske Regjerings
Departement for Kirke- og Undervisnings-Væsenet.

I Forbindelse med Departementets Skrivelse af 18de April sidstl. meddeles, at der intet er til Hinder for, at den af Professor Dr. E. Blix og Sprogforskeren Ivar Aasen besørgede Prøveoversættelse af Paulus' Brev til Romerne, der nu har været undergivet Bedømmelse ved de af Departementet dertil valgte Mænd, Professorerne F. W. Bugge og Unger, udgives i Trykken.

Christiania den 16 Juni 1882

N. Hertzberg.

D. F. Knudsen

"Styret" for det Norske Samlag."

Pauli Brev til Romarne.

1ste Kapitlet.

- Paulus, Jesu Kristi Tenar, kallad til Apostel, utkorad til aa forkynna Guds Evangelium,
²som han fyre lovade ved sine Profetar i dei heilage Skrifter,
³um hans Son, som etter Kjøtet er komen av Davids Ætt;
⁴som etter Heilagdoms Ande er sannsynt som Guds Son med Velde ved Uppstoda fraa dei daude, Jesus Kristus, vaar Herre,
⁵som me fekk Naade ved og Apostelembætte til aa verka Lydnad mot Trui millom alle Heidningar fyre hans Namn Skuld,
⁶og millom deim ero de ogso kallade til Jesus Kristus:–
⁷til alle Guds elskade, kallade, heilage, som ero i Rom. Naade vere med dykker og Fred fraa Gud vaar Fader og Herren Jesus Kristus!
⁸Fyrst takkar eg min Gud med Jesus Kristus fyre dykker alle, fyredi dykkar Tru er velgjete i all Verdi.
⁹For Gud, som eg tener i min Ande i Evangeliet um hans Son, han er mitt Vitne um, kor uavlatande eg kjem dykker i Hug,
¹⁰med di eg i mine Bøner alltid bed um, at eg daa eingong kunde faa Lukka til med Guds Vilje aa koma til dykker;
¹¹for eg stundar etter aa sjaa dykker, at eg kunde giva dykker nokor andeleg Naadegaava med meg, so de kunde styrkjast,
¹²det vil segja, at eg hjaa dykker kunde hyggjast saman med dykker ved den sameigne Tru, dykkar og mi.
¹³For eg vil ikkje, Brøder, at de skulo vera uvitande um, at eg ofta heve etlat meg til aa koma til dykker (men eg vart hindrad alt til no), at eg kunde hava nokor Frukt hjaa dykker og, liksom hjaa dei andre Heidningar.
¹⁴Eg stend i Skuld baade til Grekarar og Barbarar, baade til vise og uvise.
¹⁵Soleides er eg paa mi Sida viljug til aa forkynna Evangeliet fyre dykker og, som ero i Rom.
¹⁶For eg skjemmest ikkje ved Kristi Evangelium; for det er ei Guds Kraft til Frelsa fyre kvar den, som trur, fyre Jøde fyrst og fyre Grekar.
¹⁷For i det vert Guds Rettferd openberrad av Tru til Tru, som skrivet er: "Men den rettferdige av Tru skal liva."
¹⁸For Guds Vreide vert openberrad fraa Himmelen yver all Gudløysa og Urettferdi hjaa <SIDE 72> dei Menneskjar, som forhalda Sanningi ved Urettferd;
¹⁹etterdi det, som ein kann vita um Gud, er kunnigt ibland deim; for Gud heve kunngjort deim det.
²⁰For hans usynlege Vesende, baade hans ævelege Kraft og Guddom, det vert skodat, sidan han skapte Verdi, daa det er skynande av Gjerningom, – so dei ero ikkje orsakande;
²¹for endaa dei kjende Gud, so ærade og takkade dei honom ikkje som Gud, men vart faafengde i sine Tankar, og deira uvituge Hjarta formyrktest.
²²Medan dei sagdest vera vise, vart dei Daarar,
²³og dei bytte den uforgjengelege Guds Herlegdom burt fyre eit Bilæte i Likning med ei forgjengeleg Menneskja og med Fuglar og firføtte og krjupande Dyr.
²⁴Difyre yvergav Gud deim i deira Hjartans Lyster til Ureinskap, so dei skjemde sine Likamar seg imillom,

²⁵med di dei bytte Guds Sanning burt fyre Lygn og ærade og dyrkade Skapningen framfyre Skaparen, som er velsignad i all Æva. Amen.

²⁶Difyre yvergav Gud deim til skammelege Lyster; for baade Kvinnorna deira forvende det naturlege Bruket til det unaturlege,

²⁷og likeins forlet og Mennerne det naturlege Bruket av Kvinna og kveiktest upp i si Lyst til kvarandre, so at Menner dreiv Skjemdarverk med Menner og fekk paa seg sjølve det Vederlag fyre si Villferd, som rett var.

²⁸Og liksom dei ikkje vyrde um aa hava Kunnskap um Gud, so yvergav Gud deim til eit vanvyrdande Huglynde, til aa gjera det usømelege,

²⁹so dei ero fyllte med all Urettferd, Hordom, Argskap, Vinnesykja, Vondskap, fulle av Ovund, Mord, Trætta, Svik, Fulkynde,

³⁰Øyretutarar, Baktalarar, gudhatade, ovmodige, stormodige, storordige, oppfinnsame til vondt, ulydige mot Foreldre,

³¹uvituge, trulause, ukjærlege, usemjande, miskunnlause,

³²slike, som vel kjenna Guds Dom, at dei, som gjera slikt, ero skyldige til Dauden, og endaa ikkje berre gjera det, men og giva sitt Samtykkje til deim, som gjera det.

2dre Kapitlet.

Difyre er du, Menneskja, ikkje orsakande, kven du so er, som dømer; for med di du dømer den andre, fordømer du deg sjølv; for du, som dømer, gjerer sjølv det same.

²Men me vita, at Guds Dom er etter Sanning yver deim, som gjera slikt.

³Men trur du det, du <SIDE 73> Menneskja, som dømer deim, som gjera slikt, og sjølv gjerer det same, at du skal sleppa undan Guds Dom?

⁴Elder vanvyrder du hans Rikdom paa Godleike og Tolmode og Langmod og veit ikkje, at Guds Milde driv deg til Umvending?

⁵Men med ditt Hardlynde og ditt ubotferdige Hjarta hopar du Vreide yver deg paa Vreidens Dag, daa Guds rettferdige Dom vert openberr;

⁶for han skal giva kvar etter hans Gjeringar:

⁷deim, som med Trott i god Gjering søkja Æra og Heider og Uforgjengelegdom, skal han giva eit ævelegt Liv;

⁸men deim, som ero stridsame og ikkje lyda Sanningi, men lyda Urettferdi, skal hendast Harm og Vreide.

⁹Trykk og Trengsla skal koma yver kvar Menneskjesaal, som gjerer det vonde, Jøde fyrst og Grekar;

¹⁰men Æra og Heider og Fred skal hendast kvar den, som gjerer det gode, Jøde fyrst og Grekar;

¹¹for det gjeld ingen Mannamun fyre Gud.

¹²For so mange, som syndade utan Log, dei skulo og fortjonast utan Log; og so mange, som syndade med Logi, dei skulo og verta dømde ved Logi;

¹³for ikkje dei, som høyra Logi, ero rettferdige fyre Gud; men dei, som gjera etter Logi, skulo verta rettferdiggjorde.

¹⁴For naar Heidingarne, som ikkje hava Logi, gjera av Naturo det, som Logi byd, so ero dei ei Log fyre seg sjølve, endaa dei ikkje hava Logi;

¹⁵for dei syna, at Loggjeringi er innskrivi i deira Hjarto, med di deira Samvit vitnar med, og Tankarne seg imillom saka elder og orsaka deim

¹⁶paa den Dag, daa Gud skal døma det dulde hjaa Menneskjom, etter mitt Evangelium, ved Jesus Kristus.

¹⁷Sjaa, du er kallad Jøde og set di Lit til Logi og rosar deg av Gud

¹⁸og veit hans Vilje, og fyresynt av Logi prøver du dei ymse Ting

¹⁹og trøyster deg til aa vera ein Vegvisar fyre blinde, eit Ljos fyre deim, som ero i Myrker,

²⁰ein Uppsedar fyre uvituge, ein Lærar fyre umynduge, daa du heve den rette Form av Kunnskap og Sanning i Logi.

²¹Du, som soleides lærer ein annan, lærer du ikkje deg sjølv? du, som preikar, at ein ikkje skal stela, stel du?

²²du, som segjer, at ein ikkje skal driva Hor, driv du Hor? du, som styggjest ved Avgudar, ranar du Heilagdomar?

<SIDE 74>

²³du, som rosar deg av Logi, vanærar du Gud ved aa brjota Logi?

²⁴For Guds Namn vert fyre dykkar Skuld spottat millom Heidningom, som skrivet er.

²⁵For Umskjering gjerer vel Gagn, um du held Logi; men bryt du Logi, so er di Umskjering vorti til Fyrehud.

²⁶Dersom daa ein med Fyrehud liver etter Logbodi, skal so ikkje hans Fyrehud verta reknad fyre Umskjering?

²⁷Og den naturlege Fyrehud, som oppfyller Logi, skal døma deg, som med Bokstav og Umskjering bryt Logi.

²⁸For ikkje den er Jøde, som er det i Synom, og helder ikkje er det Umskjering, som er det i Synom, paa Kjøtet,

²⁹men den, som er Jøde i Løyndom, og Umskjeringi paa Hjartat, i Anden, ikkje i Bokstaven; ein slik heve Ros, ikkje av Menneskjør, men av Gud.

3dje Kapitlet.

Kvat Fyremun heve so Jøden? elder kvat Gagn er det i Umskjeringi?

²Myket i alle Maatar! og fyrst daa det, at Guds Ord vart deim gjevet til Vareign.

³For kor er det? um sume var utrue, skulde daa deira Utruskap gjera Guds Truskap til inkjes?

⁴Langt derifraa! lat helder Gud vera sannordig, men kvar Menneskja ein Ljugar, som skrivet er: "At du maa kjennast rettferdig i dine Ord og vinna, naar du held Rettargang."

⁵Men dersom vaar Urettferd syner Guds Rettferd, kvat skulo me daa segja? er daa Gud urettferdig, naar han fører Vreiden yver oss? (Eg talar paa Menneskjevis.

⁶Langt derifraa! Korleides kann Gud daa døma Verdi?).

⁷For dersom Guds Sannleike ved mi Lygn synte seg ovstor til hans Æra, kvi vert eg endaa dømd som ein Syndar?

⁸og skulo me daa ikkje (som me verta aatfundne fyre, og som sume segja, at me læra) gjera det vonde, at det gode kann koma utav det? Yver slike er Domen rettferdig.

⁹Kvat so? Hava me nokon Fyremun? Nei, visst ikkje; for me hava fyrr klagat baade Jødar og Grekarar fyre, at dei ero allesaman under Synd,

¹⁰som skrivet er: "Der er ingen rettferdig, ikkje *ein* helder;

¹¹der er ingen, som er vitug, der er ingen, som søkjer Gud.

¹²Dei ero alle avvikne, dei ero udugande vortne allesaman; der er ingen, som gjerer godt, der er ikkje ein einaste.

¹³Ei opnad Grav er Strupen deira, med Tungom sine <SIDE 75> svika dei. Orme-eiter er under Lippom deira.

¹⁴Munnen deira er full av Bannskap og Beiska.

¹⁵Føterne deira ero snare til aa spilla Blod.

¹⁶Avøyding og Usæla er der paa Vegom deira,

¹⁷og ein Fredsveg kjenna dei ikkje.

¹⁸Der er ingen Guds Age fyre Augom deira."

¹⁹Men me vita, at alt det, som Logi segjer, det talar ho til deim, som ero under Logi, so kvar Munn skal tagna, og all Verdi verta sakad fyre Gud,

²⁰etterdi at inkje Kjøtt kann ved Loggjerningar verta rettferdiggjort fyre honom; for ved Logi kjem Kanning av Synd.

²¹Men no er Guds Rettferd, som er umvitnad av Logi og Profetom, openberrad utan Log,

²²det vil segja: Guds Rettferd ved Trui paa Jesus Kristus fyre alle og yver alle, som tru; for der er ingen Skilsmun;

²³for alle syndade og vanta Æra fyre Gud,

²⁴og dei verta rettferdiggjorde til Givendes, av hans naade, ved den Atterløysning, som er i Kristus Jesus,

²⁵som Gud sette fram i hans Blod som ein Naadestol ved Trui, til aa syna si Rettferd, fyredi han hadde Tol med dei Synder, som fyrr vart gjorde under Guds Langmod. –

²⁶til aa syna si Rettferd i den noverande Tid, at han kunde vera rettferdig og gjera den rettferdig, som heve Jesu Tru.

²⁷Kvar er so vaar Ros? Ho er utestengd. Ved kvat Slags Log? ei Log um Gjerningar? Nei, men ved ei Log um Tru.

²⁸Dermed so halda me fyre, at Menneskja vert rettferdiggjord ved Tru, utan Loggjerningar.

²⁹Elder er Gud berre Gud fyre Jødar? er han ikkje Gud fyre Heidningar og? Jau, fyre Heidningar og,

³⁰etterdi det er *ein* Gud, som vil rettferdiggjera dei umskorne av Tru og dei uumskorne ved Tru.

³¹Avlysa me daa Logi ved Trui? Langt derifraa; men me stadfesta Logi.

4de Kapitlet.

Kvat skulo me daa segja, at Abraham, vaar Fader, heve vunnet etter Kjøttet?

²For vart Abraham rettferdiggjord av Gjerningar, so heve han nokot aa rosa seg av; men det heve han ikkje fyre Gud.

³For kvat segjer Skrifti? "Men Abraham trudde Gud, og det vart reknat honom til Rettferd."

⁴Men den, som fer med Gjerningar, honom vert Løni ikkje tilreknad etter Naade, men etter Skyldnad,

<SIDE 76>

⁵men den derimot, som ikkje fer med Gjerningar, men trur paa honom, som rettferdiggjerer den ugudlege, honom vert hans Tru reknad til Rettferd.

⁶Liksom og David segjer den Menneskja sæl, som Gud tilreknar Rettferd utan Gjerningar:

⁷"Sæle ero dei, som deira Misgjerdar vart forlatne og deira Synder yverbreidde.

⁸Sæl er den Mann, som Herren ikkje tilreknar Synd!"

⁹Gjeld no denne Sælking Umskjeringi elder Fyrehudi og? for me segja daa, at Trui vart Abraham reknad til Rettferd.

¹⁰Korleides vart ho daa tilreknad honom? med Umskjering elder med Fyrehud? Ikkje med Umskjering, men med Fyrehud.

¹¹Og han fekk Umskjeringsteiknet som eit Innsigle paa den Rettferd av Trui, som han hadde med Fyrehudi, so han skulde vera Fader til alle deim, som tru med Fyrehud, at Rettferd skulde verta tilreknad deim og,

¹²og Fader til dei umskorne, som ikkje berre hava Umskjering, men som og ganga i Fotfaret av den Tru, som Abraham, vaar Fader, hadde med Fyrehudi.

¹³For ikkje ved Logi vart den Lovnaden gjeven Abraham og Ætti hans, at han skulde vera Erving til Verdi, men ved Rettferdi av Trua.

¹⁴For dersom dei, som hava Logi, ero Ervingar, so er Trui gjord gagnlaus og Lovnaden til inkjes;

¹⁵for Logi verkar Vreide, for der ingi Log er, der er helder ingi Motgjerd.

¹⁶Difyre er Arven av Tru, at han kunde vera av Naade, at Lovnaden kunde standa fast fyre all Ætti, ikkje berre fyre den, som heve Logi, men og fyre den, som heve Abrahams Tru, han som er Fader fyre oss alle

¹⁷(som skrivet er: "Eg heve sett deg til Fader fyre mange Folk") fyre Guds Aasyn, som han trudde paa, som gjerer dei daude livande og kallar det, som ikkje er til, som um det var til.

¹⁸For han trudde med Von mot Von, at han skulde verta Fader til mange Folk, etter det, som sagt var: "So skal di Ætt vera;"

¹⁹og daa han ikkje var veik i Trui, so saag han ikkje paa sin eigen Likam, som alt var utlivd, med di han var fram mot hundrad Aar gamall, og ikkje paa det daude Moderlivet hennar Sara;

²⁰men paa Guds Lovnad tvilade han ikkje med Vantru, men vart sterk ved Trui og gav Gud Æra,

²¹fullviss paa, at det han heve lovat, er han og megtug til aa gjera.

<SIDE 77>

²²Difyre vart det og reknat honom til Rettferd.

²³Men ikkje berre fyre hans Skuld vart det skrivet, at det vart honom tilreknat,

²⁴men og fyre vaar Skuld, som det skal verta tilreknat, naar me tru paa honom, som vekte Jesus, vaar Herre, upp fraa dei daude,

²⁵han som vart yvergjeven fyre vaare Misgjerningar og oppvekt fyre vaar Rettferdiggjering.

5te Kapitlet.

Daa me no ero rettferdiggjorde av Trui, hava me Fred med Gud ved vaar Herre Jesus Kristus,

²liksom me og ved honom hava i Trui fenget Tilgjenge til denne Naade, som me standa i, og me rosa oss av Von um Guds Herlegdom.

³Og ikkje berre det; men me rosa oss og av Trengslom, daa me vita, at Trengsla verkar Tolmode,

⁴og Tolmodet verkar Røysla, og Røynsla verkar Von,

⁵og Voni gjerer ikkje til Skammar, avdi Guds Kjærleike er utrent i Hjarto vaare ved den heilage Ande, som er oss gjeven.

⁶For medan me endaa var duglause, døydde Kristus i den fyresette Tid fyre ugudlege;

⁷for det vil vandt nokon døy fyre ein rettferdig – fyre den gode torde ein kann henda koma seg til aa døy –;

⁸men Gud syner sin Kjærleike til oss med di, at Kristus døydde fyre oss, medan me endaa var Syndarar.

⁹So myket helder skulo me daa, no me ero rettferdiggjorde ved hans Blod, verta frelste ved honom fraa Vreiden.

¹⁰For dersom me, daa me var Fiendar, vart utsonade med Gud ved hans Sons Daude, so skulo me so myket helder no, daa me ero utsonade, verta frelste ved hans Liv.

¹¹Og ikkje berre det; men me rosa oss og av Gud ved vaar Herre Jesus Kristus, som me no hava fenget Soningi ved.

¹²Difyre, liksom Syndi ved *ei* Menneskja kom inn i Verdi, og Dauden ved Syndi, og Dauden soleides trengde seg igjenom til alle Menneskior, avdi dei syndade alle,–

¹³for vel var der Synd i Verdi fyrr Logi; men Syndi vert ikkje tilreknad, der ingi Log er;

¹⁴men endaa raadde Dauden fraa Adam til Moses ogso yver deim, som ikkje hadde syndat i Likning med Adams Misgjerd, han som er eit Fyredøme paa den tilkomande.

¹⁵Det er daa ikkje so med Naadegaava som med Fallet; for døydde dei mange ved Fallet av den eine, so er Guds Naade og <SIDE 78> Gaava ved Naaden av den eine Menneskja Jesus Kristus so myket meir vorten ovrik fyre dei mange.

¹⁶Og ikkje er det med Gaava, som det var med Syndi av den eine; for Domen kom fraa den eine til Fordøming, men Naadegaava etter mange Fall til Fridøming.

¹⁷For dersom Dauden fyre den eine Manns Fall raadde ved den eine, so skulo dei, som taka imot den ovrike Naade og Rettferds Gaava, so myket meir raada i Livet ved den eine, Jesus Kristus. –

¹⁸Difyre, liksom *ein* Manns Fall vart til Fordøming fyre alle Menneskior, so vart og *ein* Manns rettferdige Gjerning til Livsens Rettferdigjering fyre alle Menneskior.

¹⁹For liksom dei mange vart Syndarar ved Ulydnaden av den eine Menneskja, so skulo og dei mange verta rettferdige ved Lydnaden av den eine.

²⁰Men Logi kom attaat, at Fallet skulde verta større; men der Syndi vart større, vart Naaden endaa meir ovstor,

²¹fyre di at, liksom Syndi raadde ved Dauden, so skulde og Naaden raada ved Rettferd til ævelegt Liv ved Jesus Kristus vaar Herre.

6te Kapitlet.

Kvat skulo me daa segja? Skulo me halda fram med Syndi, at Naaden kann verta større?

²Langt derifraa! Me, som ero avdøydde fraa Syndi, kor skulo me endaa liva i henne?

³Elder vita de ikkje, at alle me, som vart døypte til Kristus Jesus, me vart døypte til hans Daude?

⁴Me vart soleides gravlagde med honom ved Daupen til hans Daude, fyre di at, liksom Kristus vart oppvekt fraa dei daude ved Faderens Herlegdom, so skulo og me ferdast i ein ny Livnad.

⁵For dersom me ero samlagade med honom til likning med hans Daude, so skulo me og vera det til Likning med hans Uppstoda,

⁶daa me vita dette, at vaar gamle Menneskja vart krossfest med honom so Syndlikamen skulde verta til inkjes, so me ikkje lenger skulo tena Syndi;

⁷for den, som er daud, er rettferdiggjord fraa Syndi.

⁸Men døydde me med Kristus, so tru me, at me og skulo liva med honom,

⁹avdi me vita, at sidan Kristus er oppvekt fraa dei daude, døyvr han ikkje meir; Dauden heve ikkje lenger Vald yver honom.

¹⁰For det, at han døydde, det døydde han ein Gong fyre Syndi; men det, at han liver, det liver han fyre Gud.

¹¹Soleides skulo de og <SIDE 79> rekna dykker som daude fyre Syndi, men livande fyre Gud i Kristus Jesus, vaar Herre.

¹²Difyre skal ikkje Syndi raada i dykkar daudelege Likam, so de lyda henne i dei likamlege Lyster.

¹³Og give ikkje Lernerne dykkar under Syndi til Vaapen fyre Urettferd; men give dykker sjølve under Gud, so som upplivnade av daude, og Lernerne dykkar under Gud til Vaapen fyre Rettferd.

¹⁴For Syndi skal ikkje raada yver dykker, avdi de ero ikkje under Logi, men under Naaden.

¹⁵Kvat so? Skulo me synda, sidan me ikkje ero under Logi, men under Naaden? Langt derifraa!

¹⁶Vita de ikkje, at naar de giva dykker under nokon som Tenarar til Lydnad, so ero de og Tenarar under den, som de lyda, anten det so er under Syndi til Daude elder under Lydnaden til Rettferd?

¹⁷Men Gud vere Takk, at de, som var Tenarar under Syndi, ero no av Hjartat vortne lydige mot den Lærdomsform, som de ero yverførde til!

¹⁸Men sidan de ero frigjorde fraa Syndi, ero de vortne Tenarar under Rettferdi.

¹⁹Eg talar paa Menneskjevis fyre dykkar Kjøts Vesaldom. For liksom de gav Lernerne dykkar til Tenarar under Ureinskaben og Urettferdi til Urettferd, so skulo de no giva Lernerne dykkar til Tenarar under Rettferdi til Helging.

²⁰For daa de var Tenarar under Syndi, var de frie fraa Rettferdi.

²¹Kvat Frukt hadde de so den Tid? Slike Ting, som de no skjemmast ved; for Endelykten paa deim er Dauden.

²²Men no, de ero frigjorde fraa Syndi og vortne Guds Tenarar, hava de dykkar Frukt til Helging, og Endelykten er ævelegt Liv.

²³For den Løn, som Syndi giv, er Dauden, men Guds Naadegaava er ævelegt Liv i Kristus Jesus, vaar Herre.

7de Kapitlet.

Elder vita de ikkje, Brøder, (for eg talar til slike, som kjenna Logi), at Logi heve Vald yver Menneskja, so lenge ho liver?

²For den gifte Kvinna er bundi ved Logi til Mannen, alt medan han liver; men dersom Mannen døyr, er ho løyst fraa Logi um Mannen.

³Difyre skal ho kallast Horkona, um ho vert gift med ein annan Mann, medan Mannen hennar liver; men dersom Mannen døyr, er ho fri fraa Logi, so ho ikkje skal vera Horkona, um ho vert gift med ein annan Mann.

⁴Soleides, mine Brøder, <SIDE 80> døydde de og fraa Logi med Kristi Likam, at de skulde tilhøyra ein annan, det er: honom, som er oppvekt fraa dei daude, at me kunde bera Frukt fyre Gud.

⁵For daa me var i Kjøtet, verkade dei synduge Lyster, som vart vekte ved Logi, i vaare Lerner, so me bar Frukt fyre Dauden;

⁶men no ero me løyste fraa Logi, daa me ero avdøydde fraa den, som me var fangade under, at me skulo tena paa eit nytt Lag i Anden, og ikkje paa det gamle Lag i Bokstaven.

⁷Kvat skulo me daa segja? er Logi Synd? Langt derifraa! Men eg kjende ikkje Syndi utan Logi; for eg kjende ikkje Lysti, dersom Logi ikkje hadde sagt: "Du skal ikkje lysta!"

⁸Men Syndi tok Tilleiding av Bodordet og verkade all Lyst i meg; for utan Log er Syndi daud.

⁹Eg livde ei Tid utan Log; men daa Bodordet kom, livnade Syndi upp,

¹⁰men eg døydde, og Bodordet, som var gjevet til Liv, det røyndest meg til Daude;

¹¹for Syndi tok Tilleiding av Bodordet og daarade og drap meg ved det.

¹²So er daa Logi heilag, og Bodordet heilag og rettferdigt og godt.

¹³Er daa det gode vortet meg til Daude? Langt derifraa! men Syndi er det, at ho skulde syna seg som Synd, avdi ho ved det gode volde meg Daude, at Syndi skulde verta storlege syndug ved Bodordet.

¹⁴For me vita, at Logi er andeleg, men eg er kjøtleig, seld under Syndi.

¹⁵For det, eg gjerer, veit eg ikkje av; for ikkje det, som eg vil, gjerer eg; men det, som eg hatar, det gjerer eg.

¹⁶Men gjerer eg det, som eg ikkje vil, so vitnar eg med Logi, at ho er god.

¹⁷Men no gjerer ikkje eg det lenger, men Syndi, som bur i meg.

¹⁸For eg veit, at i meg, det er i mit Kjøtt, bur inkje godt; for det aa vilja stend i mi Magt, men aa utføra det gode vinn eg ikkje.

¹⁹For det gode, som eg vil, det gjerer eg ikkje; men det vonde, som eg ikkje vil, det gjerer eg.

²⁰Men gjerer eg det, som eg ikkje vil, so gjerer ikkje eg det lenger, men Syndi, som bur i meg.

²¹So finn eg daa den Log fyre meg, naar eg vil gjera det gode, at det vonde ligg meg fyre Handi;

²²for eg er glad i Guds Log etter den indre Menneskja;

²³men eg ser ei onnor Log i mine Lemmer, som strider imot <SIDE 81> Logi i min Hug og fangar meg under Synde-Logi, som er i mine Lemer.

²⁴Eg arme Menneskja! kven skal frigjera meg fraa denne Daudens Likam?

²⁵Eg takkar Gud ved Jesus Kristus, vaar Herre! So tener eg daa Guds Log med Hugen, men Synde-Logi med Kjøttet.

8de Kapitlet.

So er der daa ingi Fordøming fyre deim, som ero i Kristus Jesus, deim som ikkje fara etter Kjøttet, men etter Anden;

²for Logi av Livsens Ande heve i Kristus Jesus frigjort meg fraa Logi av Syndi og Dauden.

³For det, som var umogelegt fyre Logi, avdi ho var magtlaus ved Kjøttet, det gjorde Gud, daa han sende Son sin i syndugt Kjòts Likning og fyre Syndi Skuld og fordømde Syndi i Kjøttet,

⁴at Logkravet skulde verta fullnøgt i oss, som ikkje fara etter Kjøttet, men etter Anden.

⁵For dei, som ero etter Kjøttet, traa etter det, som høyrer Kjøttet til; men dei, som ero etter Anden, traa etter det, som høyrer Anden til.

⁶For Kjòtsens Traadom er Dauden; men Andens Traadom er Liv og Fred,

⁷etterdi Kjòtsens Traadom er Fiendskap imot Gud; for det er ikkje Guds Log undergjevet, ja det kann ikkje vera det helder;

⁸og dei, som ero i Kjøttet, kunna ikkje vera Gud til Hugnad.

⁹Men de ero ikkje i Kjøttet, men i Anden, so framt Guds Ande bur i dykker; men heve ein ikkje Kristi Ande, so høyrer han ikkje honom til.

¹⁰Men er Kristus i dykker, so er vel Likamen daud fyre Syndi, men Anden er Liv fyre Rettferdi.

¹¹Men dersom Anden hans, som vekte Jesus upp fraa dei daude, bur i dykker, so skal han, som vekte Kristus upp fraa dei daude, ogso gjera dykkar daudelege Likamar livande ved Anden sin, som bur i dykker.

¹²Difyre, Brøder, standa me ikkje i Skuld til Kjøttet, so me skulde liva etter Kjøttet;

¹³for dersom de liva etter Kjøttet, skulo de døy; men dersom de døyda Likamens Gjeringar ved Anden, skulo de liva.

¹⁴For so mange, som verta drivne av Guds Ande, dei ero Guds Born.

¹⁵For de fekk ikkje ein Trældoms Ande til Ræddhug atter; men de fekk ein Barnekors Ande, og ved honom ropa me: Abba, Fader!

¹⁶Anden sjølv vitnar med vaar Ande, at me ero Guds Born.

¹⁷Men ero me Born, so ero me og Ervingar, det er: <SIDE 82> Guds Ervingar og Kristi Medervingar, so framt me lida med honom, at me og skulo verta herleggjorde med honom.

¹⁸For eg held so fyre, at Lidingarne i den noverande Tid ikkje ero vyrdande imot den Æra, som skal openberrast paa oss.

¹⁹For Skapningen stundar med Lengting etter Openberringi av Guds Born;

²⁰for Skapningen er lagd under Vesaldomen, ikkje godviljigt, men etter Viljen hans, som lagde honom derunder,

²¹i Von um, at Skapningen og skal verta frigjord fraa Trældomen under Tynsla til Fridomen i Æra med Guds Born.

²²For me vita, at all Skapningen sukkar saman og verkjer saman alt til no;

²³ja ikkje berre det, men me og, som hava Fyrstegrøda av Anden, jamvel me sukka med oss sjølve, medan me stunda etter Barnekaaret, vaar Likams Utløysning.

²⁴For i Voni vart me frelste; men ei Von, som ein *ser*, er ingi Von; for kvi skulde ein vona det, som han ser?

²⁵Men dersom me vona det, me ikkje sjaa, so stunda me deretter med Tolmode.

²⁶Men likeins kjem og Anden vaar Vanmagt til Hjelp; for me vita ikkje, kvat me skulo beda um, so som det turvtest; men Anden sjølv gjeng i Bøn fyre oss med usegjelege Sukkar;

²⁷men han, som ransakar Hjarto, veit kvat Anden meiner; for etter Guds Vilje gjeng han i Bøn fyre dei heilage.

²⁸Men me vita, at alle Ting lagast deim til gode, som elska Gud, deim som etter hans Raadgjerd ero kallade.

²⁹For deim, som han fyreaat kjende, deim korade han og fyreaat til aa verta tilskapade etter hans Sons Bilæte, at han skulde vera den fyrstefødde millom mange Brøder;

³⁰men deim, han fyreaat korade, deim kallade han og, og deim, han kallade, deim rettferdiggjorde han og, og deim, han rettferdiggjorde, deim herleggjorde han og.

³¹Kvat skulo me daa segja til dette? Er Gud med oss, kven er daa imot oss?

³²Han, som ikkje sparde sin eigen Son, men gav honom fyre oss alle, kor skulde han ikkje og giva oss alle Ting med honom?

³³Kven vil klaga Guds utvalde? Gud er den, som rettferdiggjerer.

³⁴Kven er den, som fordømer? Kristus er den, som er daud, ja endaa meir, som og er oppvekt, som og er ved Guds høgre Hand, som og gjeng i Bøn fyre oss.

³⁵Kven skal skilja oss fraa <SIDE 83> Kristi Kjærleike? Trykk elder Trengsla elder Forfylgjing elder Hunger elder Klædeløysa elder Faare elder Sverd?

³⁶som skrivet er: "Fyre di Skuld verta me drepne all Dagen; me vart reknade som Slagtesauder."

³⁷Men i alt dette sigra me storlege ved honom, som elskade oss.

³⁸For eg er viss paa, at korkje Daude elder Liv, korkje Englar elder Krafter, korkje det noverande elder det tilkomande,

³⁹korkje Høgd elder Dypt elder nokon annan Skapning skal kunna skilja oss fraa Guds Kjærleike i Kristus Jesus, vaar Herre.

9de Kapitlet.

Eg segjer Sanning i Kristus, eg lyg ikkje, daa mitt Samvit vitnar med meg i den heilage Ande,

²at eg heve ei stor Sorg og ein stendig Verk i mitt Hjarta.

³For eg vilde ynskja, at eg sjølv var bannstøytt fraa Kristus fyre mine Brøder, mine Samættingar etter Kjøtet,

⁴dei, som ero Israelitar, som hava Barnekoret og Herlegdomen og Pakterna og Loggivningi og Gudstenesta og Lovnadarne,

⁵som hava Federne, og som Kristus er ættad fraa etter Kjøtet, han som er Gud yver alle Ting, velsignad i all Æva, Amen!

⁶Det er daa ikkje so, at Guds Ord skulde hava misfallet; for ikkje alle dei ero Israel, som ero ættade fraa Israel;

⁷og ikkje ero alle Abrahams Born, fyredi um dei ero hans Ætt; men det er skrivet: "I Isak skal verta kallad deg Ætt;"

⁸det er: ikkje Borni etter Kjøtet ero Guds Born; men Borni etter Lovnaden verta reknade honom til Ætt.

⁹For dette er eit Lovnadsord: "Ved denne Tid vil eg koma, og daa skal Sara hava ein Son."

¹⁰Men ikkje berre det; men og til Rebekka vart slikt sagt, daa ho var med Barn ved ein, det er Isak, Fader vaar.

¹¹For daa dei endaa var ufødde og ikkje hadde gjort nokot godt elder vondt (at Guds Raadgjerd etter Utveljing skulde standa ved Lag, ikkje ved Gjerningar, men ved honom, som kallade),

¹²daa vart det sagt til henne: "Den eldste skal tena den yngste,"

¹³liksom det er skrivet: "Jakob elskade eg, men Esau hatade eg."

Rom.

¹⁴Kvat skulo me daa segja? Skulde der daa vera Urettferd hjaa Gud? Langt derifraa!

¹⁵For han segjer til Moses: "Eg vil miskunna den, som eg <SIDE 84> miskunnar, og vaarkunna den, som eg vaarkunnar."

¹⁶So stend det daa ikkje til den, som vil, og helder ikkje til den, som renner, men til Gud, som gjerer miskunn.

¹⁷For Skrifti segjer til Farao: "Just dertil reiste eg deg upp, at eg kunde syna mi Magt paa deg, og at mitt Namn kunde verta kunngjort yver all Jordi."

¹⁸So miskunnar han daa den, han vil, og forherder den, han vil.

¹⁹Du vil daa segja til meg: Kvi læt han endaa illa? Kven stend daa Viljen hans imot?

²⁰Men kven er daa du, Menneskja, som andordast med Gud? Vil daa Verket segja til Verkaren: Kvi gjorde du meg so?

²¹Elder heve Krusmakaren ikkje Vald yver Leiret, so han av same Deigi kann gjera det eine Kjerald til Æra, dei andre til Vanæra?

²²Men enn um no Gud, daa han vilde syna sin Vreide og kunngjera si Magt, endaa med stort Langmod tolde dei Vreidekjerald, som var lagade til Fortjoning,

²³at han og kunde kunngjera sin rike Herlegdom paa dei Miskunnkjerald, som han fyrr hadde lagat til Herlegdom?

²⁴og til slike kallade han og oss, ikkje berre av Jødar, men og av Heidningar;

²⁵som han og segjer hjaa Hoseas: "Eg vil kalla det mitt Folk, som ikkje var mitt Folk, og henne den elskade, som ikkje var elskad;

²⁶og det skal henda paa den Staden, der det var sagt til deim: de ero ikkje mitt Folk, der skulo dei verta kallade den livande Guds Born."

²⁷Og Esaias ropar ut yver Israel: "Um Talet paa Israels Born er som Havsens Sand, so skal daa berre Leivningen verta frelst;

²⁸for sitt Ord fullfører han og gjerer det snøgt av i Rettferd; for eit snøgt avgjort Ord skal Herren utføra paa Jordi."

²⁹Og som Esaias fyre heve sagt: "Hadde ikkje Herren Sebaot leivt oss eit Sæde, so var me vortne som Sodoma og vortne like med Gomorra."

³⁰Kvat skulo me daa segja? At Heidningarne, som ikkje søkte Rettferd, dei vann Rettferd, men Rettferdi av Tru;

³¹men Israel derimot, som søkte Rettferds Log, dei vann ikkje fram til Rettferds Log.

³²Kvifyre so? Fyredi dei ikkje søkte henne ved Tru, men so som ved Loggjerningar; for dei støyte seg paa Støytsteinen;

³³som skrivet er: "Sjaa, eg set i Sion ein Stein til Støyt og eit Berg til Avstygging, og <SIDE 85> kvar den, som trur paa honom, skal ikkje verta til Skammar."

10de Kapitlet.

Brøder! Mitt Hjartans Ynskje og mi Bøn til Gud er fyre Israel um Frelsa.

²For eg giv deim det Vitnemaal, at dei hava Annhug fyre Gud, men ikkje med Skynsemd;

³for daa dei ikkje kjende Guds Rettferd, men strævade etter aa grunna si eigi Rettferd, so gav dei seg ikkje under Guds Rettferd.

⁴For Kristus er Endemaalet fyre Logi til Rettferd fyre kvar den, som trur.

⁵For Moses skriv um den Rettferd, som er av Logi: "Den Menneskja, som gjerer desse Ting, skal liva ved deim."

⁶Men den Rettferd, som er av Tru, segjer so: "Seg ikkje i ditt Hjarta: Kven skal fara upp til Himmels?" (det er: til aa føra Kristus ned);

⁷elder: kven skal fara ned i Avgrunnen?" (det er: til aa føra Kristus upp fraa dei daude).

⁸Men kvat segjer ho? "Ordet er deg nær, i din Munn og i ditt Hjarta;" det er Ordet um Tru, som me forkynna.

⁹For dersom du medsannar Herren Jesus med din Munn og trur i ditt Hjarta, at Gud vekte honom upp fraa dei daude, so skal du verta frelst;

¹⁰for med Hjartat trur ein til Rettferd, og med Munnen medsannar ein til Frelsa.

¹¹For Skrifti segjer: "Kvar den, som trur paa honom, skal ikkje verta til Skammar;"

¹²for der er ingen Skilsmun paa Jøde og Grekar; for alle hava den same Herre, som er rik nog fyre alle, som paakalla honom.

¹³"For kvar den, som paakallar Herrens Namn, skal verta frelst."

¹⁴Kor skulo dei daa paakalla den, som dei ikkje hava trutt paa? og kor skulo dei tru paa den, dei ikkje hava høyrte um? og kor skulo dei høyra, utan der er nokon, som forkynner?

¹⁵og kor skulo dei forkynna, utan dei verta utsende? som skrivet er: "Kor fagre Føterne deira ero, som forkynna Fred, som bera godt Bod!"

¹⁶Men ikkje alle lydte det gode Bodet; for Esaias segjer: "Herre, kven trudde Bodskapen vaar?"

¹⁷So kjem daa Trui av Høytingi, men Høytingi ved Guds Ord.

¹⁸Men eg segjer: Hava dei daa ikkje høyrte det? Jau til Vissa: "Røysti deira gjekk ut yver all Jordi, og Ordi deira til Heimsens Endar."

¹⁹Men eg segjer: Var Israel daa uvitande um det? Fyrst segjer Moses: "Eg vil <SIDE 86> gjera dykker aabrydne paa det, som ikkje er Folk; paa eit uvitugt Folk vil eg gjera dykker harme."

²⁰Og Esaias vaagar seg til aa segja: "Eg vart funnen av deim, som ikkje søkte meg; eg synte meg fyre deim, som ikkje spurde etter meg."

²¹Men um Israel segjer han: "Eg rette all Dagen mine Hender ut til eit ulydugt og motsegjande Folk."

11te Kapitlet.

Eg segjer difyre: Heve Gud daa forkastad sitt Folk? Langt derifraa! for eg er og ein Israelit, av Abrahams Ætt, av Benjamins Stamme.

²Gud heve ikkje forkastad sitt Folk, som han fyreaat kjende. Elder vita de ikkje, kvat Skrifti segjer um Elias? korleides han stig fram fyre Gud imot Israel, segjande:

³"Herre! Profetarne dine drap dei, og Altari dine reiv dei ned, og eg vart aaleine atter, og dei standa meg etter Livet."

⁴Men kvat segjer det guddomlege Svar til honom? "Eg leivde meg sjau tusund Mann, som ikkje bøygde Kne fyre Ba'al."

⁵Soleides er daa og i denne Tid ein Leivning etter Naadens Utveljing vorten atter.

⁶Men er det av Naade, so er det ikkje lenger av Gjerningar, elles vert Naaden ikkje lenger Naade; og er det av Gjerningar, so er det ikkje lenger Naade: elles er Gjerningi ikkje lenger Gjerning.

⁷Kvat so? Det, som Israel traattar etter, heve det ikkje naatt, men dei utvalde hava naatt det; dei andre ero forherde;

⁸som skrivet er: "Gud gav deim ein Dauvskaps Ande, Augo, som ikkje høyra, til den Dag i Dag."

⁹Og David segjer: "Lat Bordet deira verta deim til ei Snara og ei Sildra og ei Fella og ei Attergjeld!"

¹⁰Lat Augo deira formyrkjast, so dei ikkje sjaa, og bøyg alltid Ryggen deira!"

¹¹Eg segjer difyre: Snaavade dei daa dertil, at dei skulde falla? Langt derifraa! men med deira Fall er Frelsa komi til Heidningarne, at desse skulde vekkja deim til Kapphug.

¹²Men dersom deira Fall er Rikdom fyre Verdi, og deira Framgang Rikdom fyre Heidningarne,

kor myket meir skal daa deira Fullnad vera det?

¹³Fyr til dykker, Heidningar, talar eg. Med di eg er Heidningsapostel, heidrar eg mitt Embætte,

¹⁴um eg daa kunde vekkja mi Ætt til Kapphug og freista nokre av deim.

¹⁵For dersom deira Bortkasting er Soning fyre Verdi, <SIDE 87> kvat annat er daa deira Mottaking enn Liv av Daude?

¹⁶Men er Fyrstegrøda heilag, so er Deigi det og, og er Roti heilag, so ero Greinerna det og.

¹⁷Men um no sume av Greinom ero avbrotne, og du, som var ein vill Oljekvist, vart innsett imillom deim og vart samhavande i Roti og Feita paa Oljetreet,

¹⁸so rosa deg ikkje imot Greinerna; men um du rosar deg, so er det daa ikkje du, som ber Roti, men det er Roti, som ber deg.

¹⁹Du vil daa segja: "Greinerna vart avbrotne fyre di, at eg skulde verta innsett."

²⁰Ja vel nog! Ved Vantru vart dei avbrotne, men du stend ved Tru; høgmodast ikkje, men ottast!

²¹For dersom Gud ikkje sparde dei naturlege Greinerna, so vil han visst ikkje spara deg helder.

²²Sjaa daa Guds Godleike og Strengleike: Strengleiken imot deim, som ero fallne, men Godleiken imot deg, so framt du held fast paa Godleiken; elles skal du og verta avhoggen.

²³Men hine skulo og verta innsette, dersom dei ikkje halda fram i Vantrui; for Gud er megtug til aa innsetja deim atter.

²⁴Fyr dersom du vart avhoggen av det naturlege ville Oljetre og imot Naturi innsett i eit godt Oljetre, kor myket helder skulo daa dei, som av Naturi var Greiner, verta innsette i sitt eget Oljetre!

²⁵For eg vil ikkje, Brøder, at de skulo vera uvitande um denne Løyndomen (so de ikkje skulo tykkjast dykker sjølv kloke): at Forherding til Deils er komi yver Israel, til dess at Fullnaden av Heidningarne er komen inn,

²⁶og so skal heile Israel verta frelst; som skrivet er: "Fraa Sion skal Frelsaren koma og rydja Gudløysa burt fraa Jakob;

²⁷og dette er mi Pakt med deim, naar eg tek deira Synder burt."

²⁸Etter Evangeliet ero dei vel Fiendar fyre dykkar Skuld; men etter Utveljingi ero dei elskade fyre Federne Skuld;

²⁹for Naadegaavorna og Kallet angrar Gud ikkje.

³⁰For liksom de fyrr var ulydige mot Gud, men no hava fenget Miskunn ved deira Ulydnad,

³¹so ero dei og no vortne ulydige dertil, at dei og skulo faa Miskunn ved den Miskunn, som er dykker gjevi;

³²for Gud heve yvergjevet deim alle til Ulydnad, at han kunde miskunna deim alle.

³³Aa det Djup av Rikdom og Visdom og Kunnskap i Gud! kor uransakelege hans Domar ero, og kor urekkjande hans Vegar!

<SIDE 88>

³⁴For kven kjende Herrens Hug, elder kven var Raadgivaren hans?

³⁵Elder kven gav honom nokot fyreaat, so det maatte verta honom vederlagt?

³⁶For av honom og ved honom og til honom ero alle Ting. Honom vere Æra i all Æva! Amen.

12te Kapitlet.

So aaminner eg dykker, Brøder, ved Guds Miskunn, um aa framføra dykkar Likamar til eit Offer, som er livande, heilagt og huglegt fyre Gud, - dette er dykkar andelege Gudstenesta;

²og lage dykker ikkje likt med denne Verdi, men umlagest ved Nyskaping av Hugen dykkar, so de kunna prøva, kvat som er Guds Vilje: det gode, huglege og fullkomne.

³For ved den Naade som er meg gjeven, segjer eg til kvar og ein millom dykker, at han ikkje skal tenkja høggre um seg, enn han bør tenkja, men tenkja so, at han er bljugtenkt, etter so som

Gud heve tiletlat kvar sitt Maat av Tru.

⁴For liksom me hava mange Lemer paa ein Likam, men ikkje alle Lemerne hava den same Gjerning,

⁵soleides ero me mange ein Likam i Kristus, men kvar fyre seg ero me kvarannans Lemer.

⁶Og daa me hava ymse Naadegaavor alt etter den Naade, som er oss gjeven, so lat oss, um me hava Profetgaava, bruka henne i Samhøve med vaar Tru;

⁷elder um me hava ei Tenesta, so lat oss taka Vare paa Tenesta; elder um ein er Lærar, paa Lærdomen;

⁸elder um ein er Aaminnar, paa Aaminningi; den, som deiler ut, gjere det i god Tru; den, som er Fyrestandar, vere det med Umhug; den, som gjerer Miskunn, gjere det med Blidlæte!

⁹Kjærleiken vere utan Fals; styggjest ved det vonde, halde fast ved det gode!

¹⁰Vere venelskne med kvarandre i Broderkjærleike; kvar søkje aa vera fremst i Vyrndad fyre kvarandre!

¹¹Vere ikkje kjølne i dykkar Annhug, vere brennande i Anden, tene Herren!

¹²Vere glade i Voni, toluge i Trengsla, trottuge i Bøni!

¹³Syne Samhug med dei heilage i deira Trong; vere gjerna gjestmilde!

¹⁴Velsigne deim, som forfylgja dykker; velsigne og banne ikkje!

¹⁵Gledje dykker med dei glade, og graate med dei graatande!

¹⁶Vere samlynde med kvarandre; traa ikkje etter det høge, men halde dykker gjerna til det laage; verte ikkje sjølvkloke!

¹⁷Give ikkje nokon vondt <SIDE 89> fyre vondt; leggje Vinn paa godt fyre alle Manns Aasyn!

¹⁸So fram det er mogeleg, so halde Fred med alle Menneskior, der som det stend til dykker!

¹⁹Hemne dykker ikkje sjølve, mine elskade! men give Vreiden Umrøme; for det er skrivet: "Hemnen høyrer meg til; eg vil gjera Heimgjeld, segjer Herren."

²⁰Dersom daa Fienden din hungrar, so giv honom aa eta; dersom han tyrster, so giv honom aa drikk; for naar du gjerer det, hopar du gloande Kol paa Hovudet hans.

²¹Lat ikkje det vonde yvervinna deg; men yvervinn det vonde med det gode!

13de Kapitlet.

Kvar Menneskja vere dei fyresette Styremagter undergjevi! for der er ikkje Styremagt utan av Gud; men dei Styremagter, som ero, dei ero skipade av Gud;

²so at den, som set seg imot Styremagti, han stend Guds Skipnad imot; men dei, som standa imot, skulo faa sin Dom.

³For dei Styrande ero ikkje til Rædsla fyre gode Gjeringar, men fyre vonde. Vil du daa ikkje ræddast fyre Styremagti, so gjer det gode, og du skal hava Ros av henne;

⁴for ho er Guds Tenar, deg til gode. Men gjerer du det vonde, so ræddast! for ho ber ikkje Sverdet fyre inkje; for ho er guds Tenar, ein Hemnar til Vreide yver den, som gjerer det vonde.

⁵Difyre er det naudsynlegt aa vera undergjeven, ikkje berre fyre Vreiden Skuld, men og fyre Samvitet.

⁶Difyre leggja de daa og Skatt; for dei ero Guds Tenarar, som just taka Vare paa dette.

⁷Give daa alle det, de ero deim skulduge; den Skatt, som Skatt skal hava, den Toll, som Toll skal hava, den Age, som Age skal hava, den Æra, som Æra skal hava.

⁸Verte ingen nokot skulduge, utan det aa elska kvarandre; for den, som elsker den andre, heve uppfyllt Logi.

⁹For det Ord: Du skal ikkje driva Hor, du skal ikkje slaa i Hel, du skal ikkje stela, du skal ikkje bera falskt Vitne, du skal ikkje lysta, og um det er nokot annat Bodord, det vert atter samanteket til *eit* i dette Ord: du skal elska Næsten din som deg sjølv.

¹⁰Kjærleiken gjerer Næsten inkje vondt; difyre er Kjærleiken Uppfylling av Logi.

¹¹Og dette gjeld det um no, daa me kjenna Tidi, at Timen er komen, daa me skulo vakna upp or Svevne; for Frelsa er oss nærre no, enn daa me tok ved Trui.

¹²Det lid med Natti og <SIDE 90> stundar til Dag; lat oss daa leggja Verki fraa Myrkret av og taka Vaapni til Ljoset paa!

¹³Lat oss ferdast sømelege som um Dagen, ikkje i Svir og Drykk, ikkje i Lauslivnad og Utugt, ikkje i Kiv og Ovund!

¹⁴Men iklæde dykker Herren Jesus Kristus, og gjere dykker ikkje Umsut fyre Kjøtet til aa vekcja Lyster!

14de Kapitlet.

Men take vel ved den, som er veik i Trui, utan aa døma Tankarne hans!

²Den eine heve Tru til aa eta alle Slag; men den veike et berre Urter.

³Den, som et, mismæte ikkje den, som ikkje et; og den, som ikkje et, døme ikkje den, som et; for Gud heve vedteket honom.

⁴Kven er du, som dømer ein framand Dreng? Han stend elder fell fyre sin eigen Herre; men han skal verta standande, for Gud er megtug til aa halda honom uppe.

⁵Den eine held ein Dag hæv framfyre ein annan, den andre held alle Dagar like; kvar vere fullviss i sin eigen Hug!

⁶Den, som mæter Dagen, gjerer det fyre Herren, og den som ikkje mæter Dagen, gjerer det fyre Herren. Den, som et, gjerer det fyre Herren, for han takkar Gud; og den, som ikkje et, gjerer det fyre Herren og takkar Gud.

⁷For ingen av oss liver fyre seg sjølv, og ingen døyr fyre seg sjølv;

⁸for um me liva, so liva me fyre Herren, og um me døy, so døy me fyre Herren; so anten me liva elder døy, høyra me Herren til.

⁹For dertil døydde Kristus og stod upp og vart livande atter, at han skulde vera Herre baade yver daude og livande.

¹⁰Men du, kvi dømer du Broder din? elder du, kvi mismæter du Broder din? for me skulo alle verta framførde fyre Kristi Domstol.

¹¹For det er skrivet: "So sant som eg liver, segjer Herren, so skal kvart Kne bøygjast fyre meg, og kvar Tunga skal lova Gud."

¹²So skal daa kvar og ein av oss gjera Gud Rekneskap fyre seg sjølv.

¹³Difyre, lat oss ikkje lenger døma kvarandre, men døme helder so, at de ikkje maa leggja Støyt elder Avstyggjing fyre Broder dykkar!

¹⁴Eg veit og er viss paa det i Herren Jesus, at ingen Ting er urein i seg sjølv; men fyre den, som held nokot fyre ureint, fyre honom er det ureint.

¹⁵Men dersom Broder din vert harmad ved din Mat, so fer du ikkje lenger fram i Kjærleike. <SIDE 91> Fortjona ikkje ved din Mat den, som Kristus er daud fyre!

¹⁶Lat daa ikkje Eignaluten dykkar verta spottad!

¹⁷For Guds Rike er ikkje Eting og Driking, men Rettferd, Fred og Gleda i den heilage Ande.

¹⁸For den, som tener Kristus deri, han er vellikad av Gud og godkjend av Menneskjom.

¹⁹Lat oss difyre traa etter det, som tener til Fred og Uppbyggjing innbyrdes!

²⁰Riv ikkje Guds Verk ned fyre Mat Skuld! Alt er vel reint, men det er vondt fyre den Menneskja, som et med Samvitsstøyt.

²¹Det er godt aa ikkje eta Kjøt elder drikk Vin elder gjera nokot, som Broder din støytest elder styggjest elder vanstyrkjest ved.

²²Du heve Tru; hav henne hjaa deg sjølv fyre Gud! Sæl er den, som ikkje dømer seg sjølv i det,

som han finn fyre godt.

²³Men den tvilande - dersom han et, so er han fordømd, avdi det ikkje er gjort av Tru; men alt som ikkje er av Tru, det er Synd.

15de Kapitlet.

Men me, som ero sterke, me ero skuldige til aa bera Vanstyrken hjaa dei veike og ikkje vera oss sjølve til Hugnad.

²Kvar av oss vere Næsten til Hugnad til det gode, til Uppbyggjing!

³For Kristus livde helder ikkje seg sjølv til Hugnad, men som skrivet er: "Deira Hædingar, som hæda deg, dei fall paa meg."

⁴For alt, som fyrr er skrivet, det er skrivet oss til Lærdom, at me skulo hava Von ved det Tolmøde og den Trøyst, som Skrifterna giva.

⁵Men den Gud, som giv Tolmødet og Trøysti, han give, at de maa vera samlynde med kvarandre etter Kristi Jesu Vilje,

⁶so de samheldige, med ein Munn, kunna prisa Gud og vaar Herre Jesu Kristi Fader!

⁷Difyre, take ved kvarandre, liksom og Kristus tok ved oss til Guds Æra.

⁸Men eg segjer, at Jesus Kristus er vorten ein Tenar fyre dei umskorne, fyre Guds Sannleike Skuld, til aa stadfesta Lovnadarne til Federne;

⁹men at Heidningarne skulo prisa Gud fyre Miskunn, som skrivet er: "Difyre vil eg prisa deg millom Heidningar og lovsyngja ditt Namn."

¹⁰Og atter segjer Skrifti: "Fagne dykker, Heidningar, saman med hans Folk!"

¹¹Og atter: "Love Herren, alle Heidningar, og prise honom, alle Folk!"

¹²Og atter segjer Esaias: <SIDE 92> "Det skal vera Roti av Isai og han, som reiser seg til aa raada yver Heidningom; paa honom skulo Heidningarne vona."

¹³Men den Gud, som giv Von, han fyller dykker med all Gleda og Fred i Trui, at de kunna vera rike paa Von ved Krafti av den heilage Ande!

¹⁴Men eg er og sjølv fullvissad um dykker, mine Brøder, at de og ero fulle av Godleike, fyllte med all Kunnskap og duglege ogso til aa aaminna kvarandre.

¹⁵Men endaa heve eg til Deils skrivet nokot djervt til dykker, Brøder! med di eg atter vilde aaminna dykker, etter den Naade, som er meg gjeven av Gud,

¹⁶at eg skal vera Jesu Kristi Altartenar fyre Heidningarne og embætta som Prest med Guds Evangelium, at Ofret av Heidningom maa verta vellikat, helgat ved den heilage Ande.

¹⁷Difyre heve eg Ros i Kristus Jesus i mi Tenesta fyre Gud.

¹⁸For eg vil ikkje vaaga meg til aa tala um annat enn det, som Kristus heve verkat ved meg til aa føra Heidningarne til Lydnad, ved Ord og Gjerning,

¹⁹ved Krafti av Teikn og Under, ved Krafti av Guds Ande, so eg fraa Jerusalem og rundt omkring alt til Illyria heve fullt kunngjort Kristi Evangelium,

²⁰men daa soleides, at eg sette mi Æra i aa forkynna Evangeliet, ikkje der som Kristus alt var nemnd, at eg ikkje skulde byggja paa framand Grunnvoll,

²¹men, som skrivet er: "Dei, som inkje er kunngjort um honom, skulo sjaa, og dei, som ikkje hava høyr, skulo skyna."

²²Dermed er eg og jamnaste vorten hindrad fraa aa koma til dykker.

²³Men no, daa eg ikkje lenger heve Rom i desse Landslag, men i mange Aar heve lengtat etter aa koma til dykker,

²⁴no vil eg, naar eg fer til Spania, koma til dykker; for eg vonar aa sjaa dykker paa Gjenomferdi og faa Fylgjeskap av dykker dit, naar eg fyrst i nokon Mun heve fenget mitt Nøgje av dykker.

²⁵Men no fer eg til Jerusalem i ei Ærend fyre dei heilage.

²⁶For Makedonia og Akaja hava funnet fyre godt aa gjera eit Samanskot til dei fatige millom dei heilage i Jerusalem.

²⁷Dei hava funnet so fyre godt, og dei ero og deira Skuldmenner; for naar Heidningarne hava fenget Lut i deira andelege gode Ting, so ero dei og skyldige til aa tena deim med dei timelege.

²⁸Naar eg daa heve fullført dette og trygt fenget denne Frukt i deira Hender, so vil eg <SIDE 93> fara derfraa gjennom dykkar Land til Spania.

²⁹Men eg veit, at naar eg kjem til dykker, so vil eg koma med ei Fylla med Velsigning av Kristi Evangelium.

³⁰Men eg aaminner dykker, Brøder, ved vaar Herre Jesus Kristus og ved Andens Kjærleike, um aa strida med meg i Bøner fyre meg til Gud,

³¹at eg maa ganga fri fyre dei vantruande i Judæa, og mi Ærend til Jerusalem verta dei heilage til Hugnad,

³²so eg kann koma til dykker med Gleda, um Gud so vil, og kvikast upp i Samvære med dykker.

³³Men den Gud, som giv Freden, vere med dykker alle! Amen.

16de Kapitlet.

Men eg bed um dykkar Godvilje fyre Føbe, Syster vaar, som er Tenestekvinna fyre Kyrkjelyden i Kenekreæ,

²at de maa taka vel mot henne i Herren, som det sømer dei heilage, og stydja henne med alt, som ho treng til av dykker; for ho heve og voret til Studnad fyre mange, og fyre meg sjølv med.

³Helse Priskilla og Akvilas, mine Medarbeidarar i Kristus Jesus,

⁴som hava vaagat sitt eget Liv fyre mitt, - som ikkje berre eg takkar, men og alle Kyrkjelydar av Heidingom;

⁵og heile Kyrkjelyden i deira Hus. Helse Epænatus, min elskade, som er Fyrstegrøda av Akaja fyrr Kristus.

⁶Helse Maria, som heve arbeidt myket fyre oss.

⁷Helse Andronikus og Junias, mine Skyldfolk og Medfangar, som ero namngjetne millom Apostlom, som og fyrr meg ero komne til Kristus.

⁸Helse Amplias, min elskade i Herren.

⁹Helse Urbanus, vaar Medarbeidar i Kristus, og Stakys, min elskade.

¹⁰Helse Apelles, den velrøynde i Kristus. Helse deim, som høyra til Aristobulus' Hus.

¹¹Helse Herodian, Skyldingen min. Helse deim av Narkissus' Hus, som ero i Herren.

¹²Helse Tryfæna og Tryfosa, som hava arbeidt i Herren. Helse Persis, den elskade, som heve arbeidt myket i Herren.

¹³Helse Rufus, den utvalde i Herren, og hans og mi Moder.

¹⁴Helse Asynkritis, Flegon, Hermes og Brøderne hjaa deim.

¹⁵Helse Filologus og Julia, Syster hans og Olympas og alle dei heilage hjaa deim.

¹⁶Helse kvarandre med ein <SIDE 94> heilag Kyss. Kristi Kyrkjelyder helsa dykker.

¹⁷Men eg aaminner dykker, Brøder, um aa gjæta paa deim, som valda Tvidrætte og Avstyggingar imot den Lærdomen, som de hava lært, og halde dykker fraa deim!

¹⁸For slike tena ikkje vaar Herre Jesus Kristus, men sin eigen Buk, og med smjugande Ord og smeikjande Tale daara dei Hjarto paa dei godtrugne.

¹⁹For Ordet um dykkar Lydnad er komet utyver til alle; difyre gled eg meg yver dykker; men eg ynskjer, at de skulo vera vise til det gode, men reine fyre det vonde.

²⁰Men den Gud, som giv Freden, skal braadt knysja Satan under Føterne dykkar. Vaar Herre Jesu Kristi Naade vere med dykker! Amen.

²¹Timoteus, min Medarbeidar, og Lukius og Jason og Sosipatros, mine Skyldingar, helsa

Rom.

dykker.

²²Eg Tertius, som skriv Brevet, helsar dykker i Herren.

²³Gajus, som er Vert fyre meg og heile Kyrkjelyden, helsar dykker. Erastus, Rekneskapsføraren i Byen, helsar dykker, og Broderen Kvartus.

²⁴Vaar Herre Jesu Kristi Naade vere med dykker alle! Amen.

²⁵Men honom, som er megtug til aa styrkja dykker etter mitt Evangelium og Forkynningi um Jesus Kristus, etter Openberringi av den Løyndomen, som heve voret duld fraa ævelege Tider,

²⁶men no er komen til Synes og ved profetiske Skrifter, etter den ævelege Guds Bod, kunngjord fyre alle Heidningar til aa verka Lydnad mot Trui,

²⁷honom, den eine vise Gud, ved Jesus Kristus, vere Æra i all Æva! Amen.